



DIMNA IDRETTSLAG
Dimna
6065 Ulsteinvik

Innbyding til Sparebanken Møre leikane i Ulsteinhallen 26. november 2022

Dimna IL har gleda av å invitere til ein ny sesong med innandørsstemne i Ulsteinhallen. Første stemnet denne sesongen vert Sparebanken Møre leikane som vert arrangert laurdag 26.11.2022.

Klasse	Stemnestart kl 11.00
Rekrutt	60 m og lengde
10 år	60 m, 200 m, lengde, kule
11-12 år	60m hk, 60 m, 200 m, 600 m, 1000 m kappgang, kule, høgde, lengde
13-14 år	60 m hk, 60 m, 200 m, 600 m, 1000 m kappgang, lengde, høgde, stav, kule
15-19 år og senior	60 m hk, 60 m, 200 m, 400 m, 800 m, 1500 m kappgang, lengde, høgde, stav, kule

PÅMELDING:

Påmelding via online påmelding i Min idrett eller Isonen. **Påmeldingsfristen er tirsdag 22. november kl. 23.59.** Det er viktig at alle melder seg på via Online påmelding. Ev. etterpåmeldingar (mot dobbel startkontingent) kan sendast på e-post: hatloy@hotmail.com. Vi ønskjer minst mulig etterpåmeldingar stemnedagane.

STARTKONTINGENT:

Rekruttar og 10 års klassa: kr. 100,- for alle øvingane. 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. start. Det vil bli sendt faktura på startkontingenten til klubben.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa og 10 års klassa er det deltakarpremie til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I alle løpsøvingane vert det tid avgjerande (ingen finaler). Vi har lagt opp til mange øvingar. Dersom du melder deg på i for mange øvingar kan det bli kort pause mellom øvingane. Ved unormale kombinasjonar kan det også bli kollisjon mellom øvingane. **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggjar. Inne i hallen må ein også ha reine jogglesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.

TRENINGSSAMLING SØNDAG

Søndag 27.11 arrangerer kretsen treningssamling i hallen. Invitasjon til denne kjem frå kretsen.



**Sparebanken
Møre**